

# KOMMUNAL PLANSTRATEGI



**ULVIK HERAD 2019 – 2023**

## 1. Innleiing.

Ulvik herad v/formannskapet som planutval, gjorde på møte den 23.10.2019 vedtak om oppstart av arbeidet med revisjon av Ulvik herad sitt planprogram for 2020-2023

### Kort om kommunal planstrategi.

Kommunal planstrategi er eit verktøy for heradsstyret til å drøfta og prioritera planoppgåver på overordna nivå i heradsstyreperioden (plan- og bygningslova § 10-1).

Planstrategien skal vedtakast av heradsstyret seinast eitt år etter at det nye heradsstyret er konstituert. Ved handsaminga av planstrategien skal heradsstyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller deler av denne skal reviderast. I tillegg oppfordrast kommunane til å vurdera øvrige planbehov.

Planstrategien har ingen direkte rettsverknad, korkje for kommunen eller andre. Dette er ein arena for å drøfte utviklingstrekk og planbehov. Planlegginga skal vera behovsstytt og ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig, og vera tilpassa heradet sin situasjon og utfordringar.

Revisjon og rullering av eldre planar, eller utarbeiding av nye planar krev mykje ressursar, både med omsyn til bruk av tilsette og kostnader knytt til planprosessen.

Heradet skal ta omsyn til nasjonale og regionale føringer i arbeidet og innhenta synspunkt frå nabokommunar og statlege og regionale organ.

### Planstrategi, kommuneplan og økonomiplan

Samfunnssdelen til Kommuneplanen er Ulvik herad sitt overordna styringsdokument. Dette skal bidra til heilskapleg planlegging og tydeleggjera heradet sin utviklingsretning. Samfunnssdelen skal synleggjera dei strategiske vala heradet tek i møte med samfunnsmessige utfordringar.

Sosial, økonomisk og miljømessig bærekraft skal liggja som eit førande prinsipp for alt arbeid i heradet. Heradet skal vera ein open og inkluderande organisasjon, som set mennesket og miljøet i sentrum. I tillegg til mål om klimatilpassing og folkehelse, er det eit mål at planstrategien vil leggja råmene for korleis heradet skal utvikle ei bærekraftig utvikling innan eit breitt spekter av tema.

Ein kommuneplan skal følgjast av ein handlingsdel. Økonomiplanen fungerar som handlingsdelen til Ulvik herad. Økonomiplanen skal difor konkretisera dei politiske prioriteringane som vart lagt til grunn i kommuneplanen. Økonomiplanen skal helst ha ein struktur som tydeleg viser samanhengen mellom kommuneplan og økonomiplan/handlingsdel.

## Definisjonar

**Planlegging** er ein organisert aktivitet der aktørar utformar framtidsretta mål og bruker kunnskap og profesjonelle arbeidsmåtar for å analysere, prioritere og samordne tiltak for å nå måla. Planane skal legge rammer for påfølgjande vedtak og handlingar (Aarsæther mfl. 2012).

**Planlegging** handlar om å knyte samman kunnskap og handling. I planlegging er me like opptatt av handlingsdelen som av kunnskapsdelen, i motsetnad til ved forskning, der kunnskapsdelen står meir sentralt (Amdam 2017).

**Nasjonale forventningar** til regional og kommunal planlegging vart vedtatt ved kongelig resolusjon 14. mai 2019.

**Kommunal planstrategi** er ifølge PBL. § 10-1 eit dokument som «*bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiglig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden».*



Figur 1: Kommunen sitt plan- og styringssystem (frå KS sin rettleiar)

## 2. Nasjonale forventingar til kommunal planlegging

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging for å fremja ei bærekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventingane skal følgjast opp i fylkeskommunane og kommunane sitt arbeid med planstrategiar og planar, og leggjast til grunn for statlege mynde sin medverknad i planlegginga.

Regjeringa formidlar den nasjonale prioriterte politikken på ein tydeleg måte, for at planlegginga i fylkeskommunar og kommunar kan skje effektivt og til beste for innbyggjarane i heile landet. Samstundes styrkar regjeringa det lokale sjølvstyret i planlegginga. Det betyr at fylkeskommunane og kommunane får auka ansvar med å sikra nasjonale og viktige regionale interesser. Regjeringa ønskjer at regional og lokal samfunns- og arealplanlegging skal vera basert på open dialog mellom alle partar, der òg staten deltek. Eit viktig skritt på vegen er dei nasjonale forventningane.

Regjeringa legg vekt på at me har fire store utfordringar:

- Å skapa eit bærekraftig velferdssamfunn
- Å skapa eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvalting
- Å skapa eit sosialt bærekraftig samfunn
- Å skapa eit trygt samfunn for alle

Dei regionale og lokale mynde har sentrale oppgåver med å handtera desse utfordringane. Dette gjeld alle kommunar, uavhengig av storleik og kompetanse. Planlegging er eit av våre viktigaste verktøy.

Regjeringa har bestemt at FN sitt 17. berekraftmål, som Noreg har sluttat opp om, skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar, òg i Noreg. Det er difor viktig at berekraftsmåla vert ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

### FN sine berekraftsmål

I 2015 vedtok FN si Generalforsamling 2030-agendaen for berekraftig utvikling. Dei 17 berekraftsmåla skal fungera retningsgjevande for land, næringsliv og sivilsamfunn.

## FNs BÆREKRAFTSMÅL



For assets and information mail to [TheGlobalGoals@trollbeck.com](mailto:TheGlobalGoals@trollbeck.com) TROLLBÄCK + COMPANY +46 212.5291010

*Figur 2: Illustrasjon av FN sine berekraftsmål (kilde: NORAD)*

Agendaen har 17 utviklingsmål for å fremje **sosial**, **miljømessig** og **økonomisk** berekraft. Måla er forankra i ein felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, kjempe ned ulikskap og stoppa klimaendringane innan 2030. FN sine berekraftsmål gjeld for alle land i verda – også dei rike. Dette betyr at berekraftsmåla vil ha innverknad på norsk politikk og samfunnsutvikling – også på lokalnivå.

Berekraftig utvikling handler om å ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å ødelegge framtidige generasjonar sine moglegheiter til få å dekka sine. Berekraftsmåla reflekterar dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale forhold.

### 3. Regionale forventingar

Fylkesmannen i Vestland har òg forventingar til den kommunale planlegginga rundt om i fylket.

Fylkesmannen har tidlegare varsla at dei vil ha auka fokus på korleis me følgjer opp statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging, og at me legg dei statlege planretningslinene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging til grunn for arealplanlegging og utbyggingsmønster.

Som stor landbrukskommune vil me òg merka auka fokus på korleis me føl opp den nasjonale jordvernsstrategien.

Når det gjeld samfunnstryggleik og beredskap har Fylkesmannen tidlegare varsla at dei forventar at omgrepet tolkast vidt, og at det derfor vil få følgjer for mange av dei tema som skal drøftast i planstrategien. Fylkesmannen vil òg ha fokus på tema som klimatilpassing i høve til klimaendringar, barn

og unge sine oppvekst- og nærmiljø og deira interesser i planlegginga, og om korleis me vil leggje til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid i heradet.

Vestland fylkeskommune er i full gang med planstrategi på regionnivå, og legg opp til å vedta denne innan utgangen av 2020. Rapporten «Vestland – Utfordingar for fylket og regionane» peiker ut 10 hovudutfordringar for Vestland:

- 1. Klimaomstilling
- 2. Balansert areal- og naturressursbruk
- 3. Gode transportsamband og smart mobilitet
- 4. Grøn konkurransekraft
- 5. Digitalisering av samfunnet
- 6. Relevant kompetanse og kunnskap
- 7. Attraktive stader og gode nærmiljø
- 8. Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv
- 9. Eit likeverdig samfunn
- 10. Ungdom – trivsel og tilhøyre

## 4. Utfordringsbilete

Det er fleire måtar å kartleggja Ulvik herad sine utfordringer.

Ein metode som kan nyttast til kartlegging av kommunale utfordringar, er statistikk. Alle norske kommunar skal kvart år rapportera inn nøkkeltalet til KOSTRA, og slike data vert systematisert og gjort tilgjengeleg statistisk.

Kommunebarometeret er ei årleg rangering av alle kommunane, gjennomført av Kommunal Rapport på grunnlag av offentleg tilgjengeleg data frå offisielle kjelder, mellom anna KOSTRA.

Ulvik herad havna på 390. plass i den endelige utgåva av Kommunebarometeret 2019 frå Kommunal Rapport. Då er plasseringa justert med omsyn til økonomiske føresetnader. Kommunal rapport meinar nøkkeltala er omtrent på nivå med det dei økonomiske føresetnadane legg opp til. Samla sett er nøkkeltala til Ulvik relativt sett langt svakare enn normalen i Kommune-Noreg.

KOSTRA-tala seier noko om ein kommune sin ressursbruk innan dei ulike tenesteområda, men mindre om kvaliteten på tenestene. På kva måte brukarane opplever møtet med kommunen er minst like viktig, men meir utfordrande å måle. Undersøkingar som måler på kva for område brukarane er nøgd med tilbodet, vil gi viktig informasjon om kvaliteten på tenestene.

### **Demografi, utbyggings- og boligstruktur**

Heradet har behov for berekraftige løysingar for arealbruk, transport og fortetting. Nasjonale og regionale mynde forventar at kommunane vurderar moglegheit for vekst innan eksisterande byggjeområde, og at fortettings- og transformasjonspotensialet vert utnytta før nye område vert vurdert for utbygging. For å redusera tap av verdifull matjord og oppfylle nasjonale mål om auka matproduksjon, bør jordvern framleis stå sterkt i val av utbyggingsområde.

Bustadstrukturen i heradet består i hovudsak av einebustader sentralt plassert kring Ulvikpollen. Det har den seinare tida vore ei viss utbygging av mindre bustader i form av leilegheiter, og det kan sjå ut som det er ein marknad for denne type bustader dei komande åra.

Omsynet til klima, miljø og energi må òg vektleggjast i val av utbyggingstruktur og tettstadutvikling i Ulvik. Dette for å sikre ei framtidig utvikling som avgrensar dei negative konsekvensane for klima og miljø i heradet. Eit fortsatt konsentrert utbyggingsmønster og fortetting vil leggja til rette for redusert transportbehov og auka bruk av sykkel og gange.

God tettstadsutvikling er avhengig av at heradet legg langsiktige mål og råmer til grunn for utviklinga i lokalsamfunnet. Dette gjeld særleg for næringslivet, som er avhengig av langsiktige og forutseielege vilkår for å lykkast. I samband med områdereguleringa i Holmen, har heradet inngått eit samarbeid med «tettstadgruppa» i Vestland fylkeskommune, noko som er eit eksempel på lokalt-regionalt samarbeid om god tettstadutvikling. Samtundes har Ulvik herad ei viktig oppgåve som tilretteleggjar for langsiktig og forutseieleg næringsutvikling, og ein aktiv partner i vidareutvikling og vekst i nye og eksisterande næringar i heradet.

### **Næringsliv og kunnskapsutvikling.**

Ulvik er ein viktig landbruks- og reiselivskommune, med lange tradisjoner for å leggja til rette for desse næringane. Begge næringar er viktige bidragytarar til verdiskapinga i bygda. Samstundes er det eit variert næringsliv innan handverkstenester og service. Ein innovativ næringspolitikk skal òg ta omsyn til berekraftige løysingar og reduserte klimautslipp. Heradet på si side har ei viktig oppgåve som tilretteleggjar for langsiktig og føreseieleg næringsutvikling, og som ein bidragsytar til vidareutvikling og vekst i både nye og eksisterande næringar i heradet. Ved å leggja til rette for fleire arbeidsplassar i heradet vil me kunne redusera andelen pendlarar blant eigne innbyggjarar, og samstundes tiltrekke oss nye innbyggjarar. Utarbeiding og vedtak av ny strategisk utviklingsplan – SNU- plan 2019, er eit steg i den retninga. Denne planen er nyleg vedteken, og det er ikkje lagt opp til revisjon av den i denne planstrategien.

### **Arbeidsplassdekking og pendling**

Ulvik herad har låg arbeidsplassdekking, og mange av innbyggjarane i Ulvik pendlar til nabokommunane, der dei har sitt arbeid. Voss har høvesvis høg arbeidsplassdekking, og er avhengig av innpendling frå dei omkringliggende kommunane. Om me samanliknar folketalet og veksten i sysselsettinga i Ulvik herad, ser me at tilhøvet mellom folktetal og arbeidsplassar held seg stabilt.

### **Folkehelse**

Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova) set krav til kommunane om å drive eit kunnskapsbasert og systematisk folkehelsearbeid. Denne lova er saman med førebyggingsbestemmelsen i helse- og omsorgstenestelova dei rettslege verkemidlane ein har for å nå samhandlingsreforma sitt mål om å fremje folkehelse, førebygge sjukdom og utjamne sosiale helseforskjellar. Med dette meinar ein å styrka verdiar som gir samfunnet som heilskap, grupper og enkeltindivid høve til ansvar, deltaking, solidaritet, meistring og kontroll over liv og levekår. Folkehelse definerast som befolkninga sin helsetilstand og korleis helsa fordeler seg i befolkninga.

Folkehelsearbeid er samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjer befolkninga si helse og trivnad, førebyggjer psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, eller som beskyttar mot helsetruslar, samt arbeid for ei meir lik fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa. Folkehelse er eit viktig satsingsområde, og heradet si evne til langsigting og målretta arbeid på dette feltet vil vera avgjerande.

Folkehelselova forpliktar heradet til å ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga, og dei positive og negative faktorar som kan verke inn på denne. Folkehelseoversikten for Ulvik herad er nyleg revidert og oppdatert (2019). Oversikten skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunane sin planstrategi, og kommunane skal fastsetja overordna mål og tiltak som er eigna til å møta dei utfordringane kommunen står overfor. Kommunen har som fylgje av denne oversikta plikt til å setja i verk nødvendige tiltak for å møta utfordringane. Dette arbeidet skal igjen vera kunnskapsbasert slik at ein veit at igangsette tiltak gir ønska effekt på dei tilhøve ein ynskjer å endra.

### **Klimaendringar og klimatilpassing.**

Globale klima- og miljøutfordingar påverkar og Ulvik. Klimaet er i endring, noko me vert minna om gjennom meir intens og lokal nedbør. Dette får ofte verknad for dei mindre vassdraga, og utgjer ein fare for jordskred og flomvatn. Desse faktorane må ein planleggja for framover. Klimatilpassing er at heradet må gjera vurderingar og tiltak for å tilpassa natur og samfunn til effektane av noverande eller framtidig klima. Desse tilpassingane må gjerast innanfor alle dei ulike områda og sektorane i heradet.

Det er heilt avgjerande at arealplanlegginga tek omsyn til dei auka naturfarane. Det vil vera store fordeler med ei heilskapleg tilnærming som tek omsyn til eksisterande økosystem og naturverdiar i planlegginga. Ei arealplanlegging som tek omsyn til naturfarane er det viktigaste verkemiddelet for å redusera faren for tap og skadar frå denne type naturhendingar.

### **Sosial utajmning og meistring for flest mogleg**

Sosiale forskjeller og ulikskap i helse er resultat av komplekse samanhengar. Det finst ingen enkle løysingar, eller éin sektor eller teneste som kan ta ansvar åleine. God utdanning er éin viktig føresetnad for å lykkast med sosial utjamning og meistring, men vil ikkje åleine vera nok utan arbeid på tvers av sektorar. Auka livsmeistring og mobilisering av ressursar vil resultera i at fleire av innbyggjarane kan leva sjølvstendig og godt utan offentleg hjelp. Dette er nødvendig om kommunane skal kunne dekka innbyggjarane sine behov innanfor dei økonomiske råmene sentrale mynde til ei kvar tid gir kommunane.

Ulvik herad har i samfunnsdelen til kommuneplanen m.a. lagt målsetjingar for born og unge, og deira oppvekstmiljø. Ein kan m.a. lesa;

- ✓ *Gje dei unge eit godt oppvekstmiljø basert på grunnleggjande verdiar i lokalsamfunnet, og sikra eit godt barnehagetilbod til alle som ynskjer det.*
- ✓ *Gje ungdom eit godt oppvekstmiljø, gjennom å sikra eit godt skuletilbod, allsidige aktivitetstilbod og gode moglegheiter for utvikling.*

Med bakgrun i dette tilrår rådmannen at det vert utarbeidd ein oppvekstplan for born og unge i strategiperioden. Ein må vurdere om denne planen skal utarbeidast som ein kommunedelplan eller som ein temaplan.

#### **Fleire oppgåver og større ansvarsområde til ein lågare kostnad.**

Ulvik herad er ein liten kommune i ein attraktiv region, og har gode føresetnader for å sikra framtidig vekst og eit godt tenestetilbod.

Ulvik herad har som målsetjing å leggja til rette for at den enkelte og Ulvik-samfunnet vert sikra god velferd, verdiskaping og berekraftig utvikling. Staten overfører stadig fleire oppgåver til kommunane utan at det føl med naudsynt finansiering. Heradet er ved inngangen til heradsstyreperioden i ein krevjande økonomisk situasjon og det er lagt opp til betydelege innsparinger samstundes som det er sett i gang nødvendig omstillingss- og omorganiseringstiltak.

### **5. Tema for heradet sitt planarbeid**

Med utgangspunkt i dei valde berekraftsmåla, lokale utfordringar og regionale og nasjonale føringar er det fire område som bør stå sentalt i heradet sitt planarbeid i heradsstyreperioden.

- Næringsliv og kunnskapsutvikling
- Utbyggingsstruktur og tettstadsutvikling
- Klimaendringar og -tilpassingar
- Sosial utjamning og meistring for folk flest

I det kommande arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen vil m.a. desse tema verte handsama, og heradet sine mål og strategiar vil bli sett i lys av desse områda.

### **6. Revisjon av kommuneplanen**

Kommuneplanen er heradet sitt overordna styringsdokument. Samfunnsdelen av kommuneplanen vart vedteken i 2010. Arbeidet med arealdelen vart starta opp etter vedtak av samfunnsdelen, men vart ikkje vedteken før i 2016.

For å arbeida meir effektivt med strategisk arbeid, er det ønskjeleg med kortfatta og tydelege plandokument og strategiar med enkle rulleringar, framfor omfattande dokument og tunge prosessar. Medverknad i planlegginga må sikrast og oppfølging/gjennomføring av strategiar/planar må vektleggjast i større grad.

Erfaringane frå planarbeid i etterkant av forrige planstrategi, er at me har mange planar og strategiske dokument, med til dels overlapp og motstrid. Planprosessar dreg ut i tid, samstundes som det er lite ressursar og fokus på oppfølging av planane.

## 7. Planoversikt / planar i planstrategi 2019 - 2023.

Plantype	Vedteken	Kommentarar
<b>Plan, teknikk og eigedom</b>		
<b>Kommuneplan</b>		
Kommuneplanen 2009-2020 - samfunnssdelen	2009	Reviderast
Arealdel til kommuneplanen 2016 - 2028	2016	
Reguleringsplan for Finse – Lågeheller	2006	Reviderast
<b>Arealpanar - vedtekne</b>		
Reguleringsplanar jmf. Plan- og bygningslova		
Reguleringsplan Øvre Skeie-Nedre Hjelmavoll		Oppstart
<b>Andre planar</b>		
Områderegulering Holmen		Under arbeid
Energi- og miljøplan Ulvik herad 2016-2020	2016	Reviderast
Kommunedelplan vatn, avløp og miljø 2016-2023	2016	Reviderast
Kommunedelplan vatn, avløp og miljø 2016-2023,kart-nye tiltak	2016	Reviderast
Bustadstrategisk Plan	2012	Reviderast
Helse- og omsorgsplan - Kommunedelplan 2013-2040	2013	
Psykisk helsevern - plan 2007-2010		Reviderast
Plan for helsemessig og sosial beredskap	2018	Reviderast
<b>Oppvekst</b>		
Verksemndsplan	2018	Ny frå hausten 2020
Plan for eit positivt skolemiljø	2018	Reviderast
Oppvekstplan for Ulvik herad - Kommunedelplan	2020	Bør lagast
<b>Kultur</b>		
Kommunedelplan for idrett og friluftsliv	2006	Under revisjon
Målbruksplan	1999	Reviderast
Friluftslivets ferdslærer 1 og 2 (NY)		Ny plan
<b>Adm. Planer</b>		
Heilskapleg ROS-analyse for Ulvik herad		Under revisjon
Overordna beredskapsplan for Ulvik herad		Under revisjon
Strategisk nærings- og utviklingsplan	2019	
Økonomiplan		
Kompetanseplan for Ulvik herad	2009	Reviderast
Lønspolitisk plan	2012	Reviderast

## Vedlegg 1

Oversikt over andre planar, retningsliner og stategidokument i Ulvik herad som ikkje omfattast av planstrategi for Ulvik herad 2019 - 2023:


Plantype	Vedteken/publisert	Kommentarar
<i>Plan, teknikk og eigedom – tekniske tenester</i>		
<b>Reguleringsplanar jmf. Plan- og bygningslova</b>		
Brakanes føresegner	25.08.2015	
Brakanes plankart	25.08.2015	
Eddegjelet - Torgilsberget - Reguleringsplan for skredsikring	04.02.2015	
Eddegjelet - Torgilsberget - Konsekvensutgreiing for biologisk mangfald, skredsikring	25.08.2015	
Eddegjelet - Torgilsberget - Risikovurdering for skredsikring	12.02.2015	
Eikhovden steinbrot	31.08.2011	
Finse - Føresegner	18.09.2017	
Finse - Plankart	21.06.2011	
Finse - Planskildring	20.06.2011	
Finse - Lågheller (føresegner)	26.10.2006	Reviderast
Finse - Lågheller (plankart)	29.08.2007	Reviderast
Finse - Lågheller (teiknforklaring og plankart)	27.10.2006	Reviderast
Finse - Plankart sentrumsområde	20.06.2011	
Finse 1222 endring plankart. Godkjent FSK- sak 054/15	27.10.2016	
Finse 1222 Føresegner	28.10.2016	
Finse 1222 plankart- Endring. Steinbrygge fylling	27.10.2016	
Finse 1222 planskildring	22.06.2010	
Finse1222, føresegner for detaljregulering av GNR.38, BNR.13 m.fl	27.10.2016	
Gamlestodneset (føresegner)	26.10.2006	
Gamlestodneset (plankart)	26.10.2006	
Geitaskjer føresegner	07.04.2011	
Geitaskjer masseuttak - Konsekvensutgreiing og reguleringsplan	07.04.2011	
Geitaskjer plankartA3	07.04.2011	
Hardangerbrua (føresegner)	27.10.2006	
Hardangerbrua (Plankart 1)	19.10.2007	
Hardangerbrua (Plankart 2)	19.10.2007	
Hardangerbrua (Plankart 3)	19.10.2007	
Hardangerbrua (Plankart 4)	19.10.2007	
Hardangerbrua (Plankart 5)	19.10.2007	
Hjelmevoll - føresegner	17.09.2010	
Hjelmevoll - plankart	17.09.2010	
Hjelmevoll - planskildring	17.09.2010	
Hjeltnes,Aplabrotet og Tymberneset (føresegner)	07.06.2007	
Hjeltnes,Aplabrotet og Tymberneset (plankart)	07.06.2007	


Hornemannsteigen (føresegner)	15.02.2007	
Hornemannsteigen (plankart)	15.02.2007	
Hydle (føresegner)	20.04.2007	
Hydle (plankart)	20.04.2007	
Håheimsvika (Føresegner)	10.07.2007	
Håheimsvika (plankart)	10.07.2007	
Kvålsøyre (føresegner)	26.10.2006	
Kvålsøyræ (plankart)	26.10.2006	
Osa (avløppssonekart)	26.10.2006	
Osa (føresegner)	26.10.2006	
Osa (klausulering av vasskjelder)	26.10.2006	
Osa (krav til avlaup)	26.10.2006	
Osa (plankart)	26.10.2006	
Osa (sikringsonekart)	26.10.2006	
Rondestveit (føresegner)	26.10.2006	
Rondestveit (plankart)	26.10.2006	
Salbuvika (føresegner)	15.02.2007	
Salbuvika (plankart)	15.02.2007	
Sentrum endring gnr 53 81 (føresegner)	03.04.2007	
Sentrum endring gnr 53 81 (plankart)	03.04.2007	
Tungeteigen (føresegner)	26.10.2006	
Tungeteigen (plankart)	26.10.2006	
Tyssevikvegen Planbeskrivelse	19.10.2015	
Tyssevikvegen Planføresegner	19.10.2015	
Tyssevikvegen Plankart	19.10.2015	
Ulvikpollen (føresegner)	07.06.2007	
Ulvikpollen (plankart)	07.06.2007	
Vallavik gnr 81 bnr 1 (Føresegner)	03.07.2007	
Vallavik gnr 81 bnr 1 (plankart)	27.03.2007	
Vest for Tysso (plankart) A0 M: 1:1000	20.02.2007	
Vest for Tysso (plankart) A3 M: 1:3000	27.10.2006	
Vest for Tysso. (føresegner)	27.10.2006	
Viknes Føresegner 11.01.2012	23.09.2016	
Viknes plankart	18.09.2017	
Viknes plankart - mindre endring	14.12.2016	
Viknes reguleringsplan	11.01.2013	
Viknes reguleringsplan - planomtale	11.01.2013	
Vombevika - planføresegner	17.09.2010	
Vombevika - plankart	17.09.2010	
Vombevika - planskildring	17.09.2010	
<b>Andre planar</b>		
Stadanalyse Ulvik sentrum	2012	
Trafikksikringsplan 2018-2025	2019	
<b>Helse og Omsorg</b>		
Alkoholpolitiske retningslinjer 2019-2024	2019	
Forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim	2018	

Handlingsplan ved vald og seksuelle overgrep mot barn og unge, gjeldande for Ulvik herad 2018 - 2020	2018	
Rehabiliteringsplan, revidert 2018	2018	
<i>Oppvekst – Skule og barnehage</i>		
Handlingsplan ved urovekkjande fråvær	2020	Vert vidareført
Handlingsplan ved vald og seksuelle overgrep mot barn og unge, gjeldande for Ulvik herad 2018 - 2020	2018	Vert vidareført
<i>Kultur</i>		
Kulturarvplan	2019	
Skjøtselsplan Ulvik landskapspark	2014	
<i>Adm. planar</i>		
Personalpolitiske retningsliner	2016	
Etiske retningsliner	2007	Reviderast
Delegasjonsreglement, politisk og administrativt	2020	Reviderast
Retningsliner for folkevalde i Ulvik herad	2020	Reviderast

## Prioritering av planoppgåver i planperioden.

Oversikten nedanfor visar kva for samfunns- og arealplanar som er føreslått prioritert i planperioden:

 = Rullering  = Revisjon  = Vidareføring  = Ny plan

Plan, teknikk og eigedom	2020	2021	2022	2023
Kommuneplanens samfunnsdel				
Kommunedelplan for vatn, avløp og miljø				
Energi og miljøplan				
Områderegulering Holmen				
Reguleringsplan Nedre Hjelmavoll				
Trafikksikringsplan				
Reguleringsplan for Finse – Lågeheller				
<b>Helse og omsorg</b>				
Kommunedelplan for Pleie og Omsorg				
Alkoholpolitisk Handlingsplan				
Revidert rehabiliteringsplan				
Smittevernplan				
Bustadstrategisk plan				
Plan for psykisk helsevern				
Plan for sosial og helsemessig beredskap				
<b>Oppvekst – Skule og barnehage</b>				
Plan for overgang mellom barnehage og skule i Ulvik herad				
Verksemndplan - Oppvekst				
Oppvekstplan for Ulvik herad (NY)				
Plan for eit positivt skolemiljø				
<b>Kultur</b>				
Kommunedel plan for idrett og friluftsliv				
Målbruksplan				
Friluftslivets ferdslærer 1 og 2 (NY)				
<b>Adm. planar</b>				
Strategisk nærings- og utviklingsplan				
Økonomiplan/handlingsprogram				
Heilsakeleg ROS-analyse for ulvik herad				
Overordna beredskapsplan for Ulvik herad				
Kompetanseplan for Ulvik herad				

Lønspolitisk plan

